

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
 Sak nr.: 15/12901-1

Kontrollutvalet - Budsjett 2016 - Disponering av vedteken budsjettramme

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek disponering av budsjettramma 2016 til vitande
2. Kontrollutvalet ber sekretariatet om å fremje sak om justering av ramma på bakgrunn av auka kostnader til SF revisjon IKS 2016, og eventuelt endra kostnadsstruktur på det nye utvalet i samband med 1. tertial-rapportering 2016.

Vedlegg:

- Budsjett 2016 – Ansvarsbrev - kontrollutval

Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Budsjett 2016 / Økonomiplan 2016 – 2019

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok budsjett 2016 / Økonomiplan 2016 – 2019 i FT-sak 68/15. I budsjettet som fylkestinget vedtok har kontrollutvalet fått tildelt kr. 4 289 000 for 2016. Kontrollutvalet v/sekretariatet mottok 19. januar 2016 ansvarsbrev der det vedtekte budsjettet og regelverket rundt bruk av budsjettmidlane er skissert.

Kontrollutvalet føreslo i KU-sak 34/15 å redusere eige budsjett 2016 med kr. 517 000, noko som var eit resultat av kontrollutvalet si vurdering av innsparingstiltak føreslege i KU-sak 59/14. Framlegget frå kontrollutvalet var på kr. 4 168 000. Dette vart justert til kr. 4 289 000 etter løns- og prisjustering i budsjettprosessen hausten 2015. Budsjettet fordeler seg slik:

110/41001	Kontrollutvalet	kr. 699 000
110/41002	Sekretariatet	kr. 1 113 000
<u>110/41003</u>	<u>Kjøp av revisjonstenester</u>	<u>kr. 2 477 000</u>
Programområde 410		kr. 4 289 000

Kontrollutvalet har, i samsvar med pkt. 2.4 i budsjettreglementet, fullmakt til å omfordele mellom funksjonane på programområde 410.

2. Vurderingar og konsekvensar

110/41001 Kontrollutvalet

Ramma skal dekke kostnader ved drift av kontrollutvalet. Det er budsjettert med 7 møte i sjølve utvalet. I tillegg har medlemmane høve til å stille på politikardagar, der kostnader til reise, opphald, tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle vert dekkja etter reglementet for politikarar, reglement for kontrollutvalet og verksemdplanen til utvalet. Det er også vedtak i kontrollutvalet om at 1. vararepresentant møter fast i utvalet med atterhald om at dette er mogeleg innanfor utvalet si økonomisk ramme.

Det er budsjettert med dekking av kostnader til representasjon på kontrollutvalskonferansen i regi av Norges kommunerevisorforbund (NKRF) som vert arrangert 3. – 4. februar, og Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin fagkonferanse 7. –8. juni.

Utover dette er det sett av midlar til kontingentar, tidsskrift, bevertning etc.

Det er valt nytt kontrollutval ved valet sist haust. Kostnadsstrukturen på kontrollutvalet kan resultere i behov for justering av ramma for utvalet. Dette vil vi kome tilbake til ved handsaming av 1. tertialrapport.

110/41002 Sekretariatet

Ramma dekker lønsutgifter i sekretariatet i tillegg til kostnader i samband med konferansar og møteverksemd i kontrollutvalet. I tillegg deltek kontrollsjefen i nokre lokale og regionale nettverk, som det er teke budsjettmessig høgde for. NKRF og FKT arrangerer også samlingar for kontrollutvalssekretærar som kontrollsjefen deltek på i den grad det høver seg slik.

110/41003 Kjøp av revisjonstenester

Ramma på kr. 2 477 000 skal omfatte kjøp av revisjonstenester til finansiell revisjon, selskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Finansiell revisjon og selskapskontroll er i vedteke budsjett kr. 1 671 500. Representantskapet til SF revisjon IKS vedtok 10. november å auke budsjettet for innbetaling frå eigarane med 8%. Dette betyr ein kostnadsauke for fylkeskommunen sitt kontrollutval på kr. 86 000. Dette resulterer i ein kostnad på kr. 1 757 500 for fylkeskommunen. Dette vart kjent så seint at det ikkje var tilrådeleg med endringsframlegg til fylkeskommunen sitt budsjett for 2016. Endringsforslag må derfor leggest fram til handsaming av 1. tertialrapport 2016.

3. Konklusjon

Kontrollsjefen legg i saka fram vurderingar rundt disponering av vedteken ramme for kontrollutvalet.

Det må leggest opp til at kontrollutvalet må få justert ramma i forhold til auka kostnader som følgje av kostnadsauke frå SF revisjon IKS og eventuell endra kostnadsstruktur for utvalet. Dette bør bli gjort i handsaminga av 1. tertialrapport 2016.